

Eit 50-årsminne

Dei som tapte

Gå til næraste nøytrale hamn.
Kjemp for Konge og fedreland,
var ordren dei fekk å fylgja.
Dei hadde ikkje val, det var simpel plikt.
Det var ikkje tid for tvil eller svikt
når Noreg dei trong og trygla.

Fem lange år på eit frådande hav.
Mange i eldmørja fann si grav.
Nådeløst var kravet å vidare gå.
Hjelp og redning var sjeldan å få.
Heimatt kom resten av unggutar trauste.
For innsatsen skulle dei laubær få hauste.

Dei venta og vona i alle år.
Takka dei fekk var som salt i sår.
Her var ikkje tale om simpel plikt.
No hadde landet ikkje råd til slikt.
Tidene var knappe og trange.
Andre krav store og mange.

På ein annan front fanns det andre unge,
som og fekk røyne tider tunge.
På russiske stepper dei fraus ihel.
Marsjerte i takt med sitt «Heil og sæl».
Vikingar små i ein norsk legion.
Trudde dei sloss for sin eigen nasjon.

Ein bror i aust - ein annan i vest.
Dei streid for sitt land - slik dei trudde var best.
Unge liv vart ofra og øyde.
Hugheilt i kjærleik for landet sitt døydde.
Nokre kom att. Dei til rettargang gjekk.
Dørm og fordøming var alt det dei fekk.

Lansvikdomen var hard og tung
å få for ein som var blåøgd og ung.
Dei brennmerka for alltid var.
Skuldkjensle heile livet sitt bar.
Dei fleste er døde og borte no.
Sårt fekk dei sone. Når skal dei få ro?

Kva har dei vunne? Kva vart dei av?
Livet dei satsa utan vilkår og krav.
Dei landet sitt elska. La det vere klårt.
Stort vart dei svikne. Sviket er vårt.
Trygt sit vi i dag på vår høge hest,
og svarer eit «Nei». Det høver oss best.

Vi verda vil lære om rangt og om rett.
Store vi vart - med so ovmykje vett.
Men dyrt det kostar å vere kar.
Eit «Nei» til overs er alt vi har.
Eit nei til dei som fekk ofre alt.
Var tru til døden når mest det gjaldt.

Dei sloss mot nazisme og kommunisme.
Dei sloss med ihug og idealisme,
til vesterlanda sin fridom fekk.
Men Aust-Europa til trældom gjekk.
Det største under i dag er hendt,
eit ljøs i myrke er atter tent
i vårt Europa.

Våren 1990.

Mary Johanne Eide

Norskbladet 1/8-90